

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 15.11.2007 **Tid:** 17:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00

Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
68/07	07/1721	OPPRETTING AV RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE
69/07	07/237	VAL AV KOMMUNALE STYRER, NEMDER OG RÅD FOR 2007- 2011
70/07	07/301	EVALUERING / JUSTERING AV DELEGASJONSREGLEMENTET.
71/07	07/1652	REVIDERTE RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET
72/07	07/1646	KOMMUNALE BYGNINGER - VEDLIKEHALDSPLAN OG INVESTERINGSBEHOV.
73/07	07/758	LOKALE TILTAK I DET TOBAKKSFØREBYGGANDE ARBEIDET
74/07	07/1488	SLUTTRAPPORT PERIODEN 2003 - 2007 - KONTROLLUTVALET I ÅL
75/07	07/1521	FELLESPROSJEKT FOR HALLINGDAL - VATN - AVLØP
76/07	05/1556	EIGENGODKJENNING -REGULERINGSPLAN FOR BREABLIKK

77/07

07/1453

FORVALTNINGSREVISJON AV REGIONRÅDET SI VERKSEMD

78/07

07/1744

MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 15.11.07

Stad: Ål kommune, 07.11.2007

Torleif T. Dalseide
ordfører (sign.)

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 68/07

Arkivsaksnr: 07/1721

Arkivkode: 033

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
68/07	Kommunestyret	15.11.2007

OPPRETTING AV RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Rundskriv A-28 / 2007 frå Arbeids- og inkluderingsdep.

Brev frå SAFO

Brev frå LHL, Ål

Div utklypp og infosider

Saksopplysningar:

I 2005 vedtok Stortinget lov om råd eller anna representasjonsordning for funksjonshemma.

Lova trådde i kraft frå 10. sept 2007, og det er lagt opp til at alle kommunar skal velge slik råd i samband med val av styrer og råd hausten 2007.

Kommunen har tre alternative løysingar:

1. Opprette eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne
2. Felles Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ved å utvide Eldrerådet med representantar for dei funksjonshemma.
3. Opprette råd for menneske med nedsett funksjonsevne saman med ein eller fleire nabokommunar.

Rådet sin funksjon skal vere å uttale seg i alle saker som er særleg viktig for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er eit krav i lova at fråsegn frå rådet skal ligge ved saksdokumenta til det organ som gjer vedtak i slike saker. Rådet skal ikkje ha til handsaming saker som gjeld einskildpersonar, men særleg konsentrere sitt arbeid om meir overordna saker som økonomiplan og budsjett, kommuneplan og planar etter kap V og VI i Plan og bygningslova.

Rådet bør takast med på råd i saker der handheving og praktisering av § 77 i PBL om utføring av byggearbeid, der det kan ha samband med tilkomsten til bygget. Rådet kan òg ta opp saker etter eige initiativ.

Forhold til overordna plan:

Etablering av råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil innebere at kommunen sine overordna planar får eit ekstra organ til å vurdere desse. Kommunen sitt politiske kart og saksgang må justerast.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente, ut over den betring av funksjonsmiljøet som kan følgje av etableringa.

Økonomiske konsekvensar:

Det er tilrådd at saksdokument i rådet er tilgjengeleg i blindeskrift og at døve kan ha med tolk. Dette saman med vanleg møtegodtgjersler og møteutgifter er årsak til at det er rekna ca 40.000 kr i årleg kostnad med oppretting av slik råd.

Vurdering:

Det er to paraplyorganisasjonar for menneskje med funksjonshemming:

- FFO (Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon)
- SAFO (Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjoner).

SAFO vil ikkje tilrå eit felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, då dei meiner råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha eit mykje breiare arbeidsfelt med "universell utforming" av alle sider i samfunnet, frå barnehage og skule via idrett og fritidstilbod til arbeidsplassar og samfunnsutvikling generelt.

Eit felles råd for fleire kommunar i Hallingdal har det ikkje vore vesentleg interesse for. Avstandane i Hallingdal er ei naturleg forklaring til dette.

Om kommunen skal opprette eit eige råd er det mange grupper av funksjonshemma som er aktuelle for representasjon. Dette gjeld til dømes blinde og svaksynte, døve, menneskje med psykisk og fysisk funksjonshemming, utviklingshemma m.fl. og det er likeeins ulike organisasjonar for desse. Det vil vere naturleg å la organisasjonane (evt paraplyorganisasj. der det ikkje er lokale lag / org) koma med forslag til representantar i rådet.

I tillegg til representantar for dei funksjonshemma bør rådet ha politisk representasjon. Det vil vere ei føremon om slik politisk representasjon har ein link til kommunestyret, gjerne òg formannskap eller STNR. Om kommunen har eit råd med tre medlemmer, vil ein politisk representant vere tilstrekkeleg.

Om ein vil utvide til fem medlemmer i rådet,

kan det vere aktuelt med to politisk oppnemnte representantar. Brukarrepresentantane bør så langt mogleg vere representative for innbyggjarane i kommunen.

Ål har til dømes mange døve innbyggjarar, og bør ha ein naturleg plass i rådet.

LHL, Ål har meldt si interesse i å medvirke til etablering av rådet, og kan vere aktuelle for ein plass.

Om FFO i Hallingdal får høve til å koma med forslag til ein representant, og politiske parti får oppnemne to representantar, til dømes ein frå kommunestyret og ein frå STNR.

Det er ikkje høve til forholdstalsval i sambande med val av råd for menneske med nedsett funksjonsvene. Kjønnskvoteringsreglane gjeld fullt ut.

Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret vedtek å opprette Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Ål med 5 representantar. Funksjonshemma sine organisasjonar får høve til å stille forslag på 3 representantar, og dei politiske partia foreslår dei to siste representantane.

Så snart forslag på kandidatar er klart ber kommunestyret om å få ei ny sak for val av representantar til rådet, der rådmannen òg vert beden om å legge fram mandat for rådet og forslag til delegasjonsreglement knytt til rådet sitt arbeid.

Rådmannen i Ål, 04.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 69/07
Arkivsaksnr: 07/237
Arkivkode: 033

Sakshandsamar: Margit S. Kopperud

Saksnummer	Utval	Møtedato
107/07	Formannskapet	31.10.2007
1/07	Valnemnd	06.11.2007
69/07	Kommunestyret	15.11.2007

VAL AV KOMMUNALE STYRER, NEMDER OG RÅD FOR 2007- 2011

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Diverse brev frå personar som ber seg fritaken frå attval, eller som ynskjer å fortsetja. Brev frå lag og organisasjonar lokalt og sentralt om endringar m.m som valnemnda har teke omsyn til.

Saksopplysningar:

For den nye kommunestyreperioden 2007 – 2011 skal det velgast medlemmer og varamedlemmer til div. styrer nemnder og råd.

Til enkelte av nemndene er det knytt opp spesielle ynskje både frå tidlegare medlemmer og krav som er stilt frå sentralt hald.

Valnemnda skal ta omsyn til alle skriv som er kome inn.

Sjå vedlagte liste over styrer, nemnder og råd som skal velgast.

- **Fylkesmannen i Buskerud**, brev av 14/9 07, minner om Kommuneloven sine bestemmelser om kjønnsmessig representasjon i kommunale utval og ber om at kommunen følgjer opp regelverket ved samansetting av nye utval.
- **2.Arbeidsmiljøutvalet**. Varamedlem Bjørn-Arild Herfinndal har flytta. Sverre Mostue må erstattast med eit medlem frå formannskapet.
- **3.Byggeskikknemnda**. Berit Heitmann Skrindo ber om fritak.

- **5.Eldrerådet.** Frå møte 20. sept. i år har Ål eldreråd gjeve melding om at Herbrand Tretterud og Odd Oleivsgard er villige til å ta ei ny periode i eldrerådet.
Eldrelaget i Ål kjem med eigne framlegg til medlemmer. Det bør vere med eit medlem både frå brukarrådet i Kårstugu og Nigardsstug. Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar. SHS og komm unestyret nemner opp eit medlem kvar. Alderspensionistane skal vere i fleirtal.
- **6.Fjellstyre.** Berit Heitmann Skrindo tek ikkje attval. Ole Kr. Torgalsbøen har flytta. Ole Tom Nord kan gjerne fortsetja med ein eller annan funksjon i Fjellstyret. Arvid Bjørke og Svein Roar Solheim er foreslått.
- **7.Forstanderskapet til Sparebank 1 Hallingdal.** Forstanderskapet skal ha 24 medlemmer Og 16 varamedlemmer. 3 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast frå Ål kommune. Hallgrim Berg ber om fritak.
- **8.Hallingtinget:** Hallingtinget er det øverste organet med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane skal vere leiar/nestleiar av hovudutvalet/ sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.
- **9.Heimevernnemnd:** Lov om Heimevernnemnd. I forskriften pkt. 22. ”i hver kommune Skal det være en kommunal Heimevernnemnd. Med rådgivende myndighet. I en kommune skal det opprettes flere slike nemnder når kommunestyret vedtar dette etter anmodning frå distriktssjefen” Pkt 23. ”Medlemmer, A) Nemnda skal ha som medlemmer, to oppnevnt av kommunestyret ogett frå den lokale politimyndighet. B) Nemnda velger sjølv leder og sekretær blant nemndas medlemmer” Funksjonstid 4 år frå 1. januar 2008.
- **10.Innsamlingskomite´ for TV-aksjonen:** Medlemmene fortset, men ber om å få utvida komiteen med eit medlem. Ordføraren har sagt seg viljug til å gå inn i komiteen.
- **15.Medlem til Ål kyrkjelege fellesråd.** Jfr. Kirkeloven § 12 b. Fellesrådet ynskjer eit noko tettare tilhøve til kommunen enn kva som har vore tilfelle dei siste åra. Gjerne med ein representant frå formannskapet.
- **18. Medlem til generalforsamling til Hallingporten Vegfinans AS.** Ordføraren med varaordførar som varamedlem er foreslått.
- **21.Medlem til representantskapet for Kommunenes opplæringskontor i Buskerud IKS** Kommunen skal velje medlem og varamedlem til representantskapet for 2008 – 2011. Ein frå administrasjonen ?
- **26. Medlem til representantskapet for Kommunerevisjonen IKS. - Framlegg** Kommunerevisjonen har 17/9 d.å. sendt brev vedr oppnemning av ein representantskapsmedlem og framlegg til representant i styret.. Framlegg til nytt medlem: Leiar i kontrollutvalet.
- **27.Medlem til styret for Kommunerevisjonen IKS – Framlegg:** Steingrim Roen seier frå attval som medlem til styret
- **34.Medlemer til styret fot samarbeidsutvalet i Kleivi Næringspark.** Jfr. Vedtektene for Kleivi næringspark §4 skal næringsparken leiast av eit styre på

fem medlemmer, to frå kvar av kommunane Hol og Ål og ein valt frå bedriftane i Kleivi næringspark. Alle med eigne varamedlemmar. Styret konstituerar seg sjølv. Knut Haug ber om fritak frå styret. Her trengs ein person med interesse for næringsarbeid. Aller helst ei kvinne, jfr. Reglane i kommunelova om kjønnsmessig Representasjon i kommunale utval.

- **35. Medlem til styret for vegen Rødungstølkryset – Bry Bru.**
Ved valet i 2003 vart det gjort merksam på at Kommunestyret i sak 72/03 hadde gjort vedtak om å kutte styrerepresentasjon til m.a. dette utvalet. Likevel vart Kristian Haugen, med Lars Kaslegard som varamedlem, valt for perioden 2003 – 2007. Kristian Haugen har bede om fritak.
- **40. Medlem til villreinsnemnda for Nordfjella og Fjellheimen.**
Villreinsnemnd. Endra. Kommunane skal kome med *framlegg* på personar til Villreinsnemnd for Nordfjella og Fjellheimen jfr. Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever § 3,3 ledd. Nemnda skal bestå av ein person frå kvar kommune som har areal innanfor Villreinsområdet. Direktoratet for naturforvaltning står for den endelege oppnemninga. Ber om forslag frå kommunen innan 15. nov. 2007. Kommunestyret gjer framlegg på ein mann og ei kvinne. Det er kome forslag om Sigmund Tveitehagen .
- **43. Overformynderiet.** Liv A. Solberg seier frå seg attval. Ho gjer framlegg om at Gerd Ljønes Brunsvold bør spørjast om å gå inn i utvalet. Overformynderiet er oppretta i mehald av Vergemålsloven § 19. I same lov, §20 heiter det: *”Overformynderiet har vanlig to overformyndere. Det velges en hvert annet år, av kommunen for fire år regnet frå 1. januar etter valget. Første gang velges to, den ene skal efter loddtrekning fratse efter 2 års teneste. Hvert annet år velges for de følgende år to varamenn til å gjøre teneste når nogen av de valgte medlemmer er ugild eller har forfall. Ordenen mellom varamedlemmene bestemmes ved valget.”*
- **46. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.** Dette vil bli eit **nytt** utval. Kommuneoverlegen viser til at Hol kommune har, så vidt han veit, valt ein modell med eit eige råd der medlemmane blir foreslege frå fylkeslaga og av dei funksjonshemma sine organisasjonar.
- **49. Styret for Margit og Lars Gran’s legat.** Sverre Høgberg seier frå seg leiarvervet.
- **50. Styret for O.H. Satos legat:** Det må veljast ny medlem etter Lars Grøvo
- **53. Styret for legat for Torpe sokn.** Borghild C. Ulshagen ber om fritak.
- **56. Styret for Ål Boligstiftelse.** Sigurd Flaget ber om fritak.
- **58. Takstnemnd for eigedomsskatt.** Ivar Førde må ut, kan ikkje sitja både i takstnemnd og overtakstnemnd.
- **61. Vilt og Innlandsfiskenemnd.** Ragnar Ekse og Kai Stein har sagt frå seg attval. Ole Chr. Torgalsbøen har flytta. Det skal vegast 5 medlemmer med varamedlemmer jfr. Viltlova §4. Eit fleirtal av medlemmane bør ha våpenlisens og ta jaktprøve..

- **62.Votnakraftstyret:** Det må veljast nytt varamedlem for Ole Tor Oleivsgard
- **63. 17. mai nemnd.** I 2006 kom det inn 2 nye medlemmer, Kristin Romslo Lunden og Bjørn Langseth. Desse fortset, dei tre andre går ut av nemnda i år.
- **65. Ål Valstyre:** Det må veljast nytt valstyre for Stortingsvalet i 2009 og kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011. I perioden som no går ut er det formannskapet som har vert valstyre, med ordføraren som leiar. Lova er no endra slik at det ikkje lenger er automatikk i at formannskapet fungerer som valstyre.

Forhold til overordna plan:

*

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

*

Økonomiske konsekvensar:

*

Vurdering:

Valnemnda blir bedt om å finne nye medlemmer og varamedlemmer til dei einskilde utvala på bakgrunn av innkomne ynskje frå medlemmane og brev frå div. organisasjonar og myndigheitsorgan.

Rådmannen si innstilling:

Ingen.

Administrasjon- og fellestenester, 15.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 31.10.2007, saksnr. 107/07

Handsaming:

Saka vert utsett til ekstramøte 6. des kl 15. Margit S Kopperud møter som sekretær for valnemnda. Val til styret og representantskap ved VINN og styrerepresentant til Hallingdal Brann og Redningsteneste må leggest inn.

Vedtak:

Saka vert utsett. Val til styret og representantskap ved VINN og styrerepresentant til Hallingdal Brann og Redningsteneste må leggest inn.

Valnemnd handsama saka den 06.11.2007, saksnr. 1/07

Handsaming:

Valnemnda gjekk igjennom og gjorde framlegg om nye medlemmer til Dei einskilde styrer, nemnder og råd for perioden 2007 – 2011, der det er teke omsyn til meldingar som er kome inn om fritak m.m. For oversikt over framlegga blir det vist til vedlagte liste.

Ivar Magne Brevik bad om at det blir valt nytt styret for Moldbakken dersom egedomen ikkje er seld innan utgangen av 2008.

Det blir laga eiga sak til Kommunestyret om oppretting av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Valnemnda har gjort framlegg til medlemmer til det nye utvalt

Ordføraren gjorde framlegg om at det frå 1/1 2008 er foreldreutvalet (FAU) ved Sando Skule som er styre for Margit og Lars Gran´s legat. Rektor ved skulen er sekretær for styret.

Valnemnda sitt framlegg:

Sjå eiga liste.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 70/07
Arkivsaksnr: 07/301
Arkivkode: 044 &00

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
37/07	Formannskapet	05.03.2007
12/07	Sektorutval for oppvekst	24.04.2007
12/07	Sektorutval for helse- og sosial	24.04.2007
34/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	24.04.2007
109/07	Formannskapet	31.10.2007
70/07	Kommunestyret	15.11.2007

EVALUERING / JUSTERING AV DELEGASJONSREGLEMENTET.

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Forslag til justert delegasjonsreglement.
 Høyringsforslag frå sektorutvala

Dokument i saka:

Grunngitt spørsmål med svar frå ordførar.
 Reglement for Ål kommune

Saksopplysningar:

Etter ynskje frå kommunestyret vert det lagt fram ei revidering av kommunen sitt delegasjonsreglement. Formannskapet har bedt sektorutvala koma med innspel, og har etter det sett ned ei politisk arbeidsgruppe til å vurdere reglementet. Arbeidsgruppa har hatt slik samansetnad: Torleif Dalseide, Tore Bøygard, Ivar Brevik og Torhild Helling Bergaplass. Når administrasjonen legg fram saka, er det i utgangspunktet den politiske arbeidsgruppa si tilråding som blir lagt fram. Sjå vedlagte forslag til nytt delegasjonsreglement, og sektorutvala sine uttaler.

På den eine sida blir det lagt opp til ei generell revidering med retting i høve til endringar gjort sidan førre revidering og endringar i til dømes lovhenvisning, der det har skjedd endringar i lovverket. Samstundes skal revideringa prøve å innfri kommunestyret sin intensjon om justering for evt. uheldige erfaringar med noverande reglement .

Rådmannen la fram eit nytt utkast til delegasjonsreglement for arbeidsgruppa, der det var justert for endringar i lovheimlar og endringar i delegasjon som følgje av kommunestyre- vedtak og endra organisering (i tråd med SUO si høyringsuttale).

I tillegg var SHS sitt ynskje om delegasjon til miljøretta helsevern og STNR sitt forslag om eit nytt punkt 6.11 om utbyggingsavtaler innarbeidd.

Arbeidsgruppa har gjort sine vurderingar og lagt inn ytterlegare forslag til justering, slik det kjem fram i det reviderte vedlegget til saka og i omtale nedanfor.

Sektorutvala ga under høyringa ei relativt sprikande vurdering av noverande reglement.

SHS var godt nøgd med noverande reglement, men ba om at delegasjon til miljøretta helsevern vart bakt inn i reglementet. SUO såg behov for at delegasjonsreglementet vart skriven heilt om. Dei ba spesielt om ei endring av pkt 6.1, pkt 6.6 og pkt 6.7 i retning av sterkare politisk styring

I uttale frå STNR er det forslag om at sektorutvala under pkt 6.1 berre skal ha høve til å delegere til rådmannen å fatte positive vedtak på søknadar, men ikkje ha høve til avslag.

I tillegg ville STNR ha eit nytt punkt 6.11 for å delegere mynde til å framforhandle utbyggingsavtaler etter PBL § 64.

Arbeidsgruppa har forslag om følgjande endringar / tillegg:

Under 1.1 sette inn : §63, nr.2 og §65 Fastsetje vedtekter og velje styre for Ål Kraftverk KF.

Under 1.7 endre til: 1.7.2 Gje retningsliner til styret for Ål Kraftverk KF for forvaltning av kommunen sine kraftrettar, herunder retningsliner for fastsetjing av straumpris til eigne abonnentar.

Vedta budsjett, rekneskap og årsmelding for Ål Kraftverk KF.

Under 3.3 endre til: Styret for Ål Kraftverk KF sitt mynde er fastsett i kommunale vedtekter av 20.nov-03, og i kommunelova §67. Jfr unntaka i delegasjonsreglementet punkt 1.7.2.

Alle underpunkt 3.3.1 til 3.3.5 går da ut.

Under 3.4 nytt pkt: KLAGENEMNDA FOR KOMMUNESTYRET SITT SAKSOMRÅDE.

Handsaming av klager på enkeltvedtak gjort av formannskapet.

Under 6.2 stryke punktet: Rådmannen blir saman med ordførar delegert mynde til å vurdere og fastsette straumprisen for Ål.

Under 6.10 flytte til: nytt pkt 7 med same innhald.

Under 6.10 nytt pkt : Rådmannen har mynde til å framforhandle utbyggingsavtaler etter plan og bygningslova §64.

Alle ovannemnde endringar var samrøystes i arbeidsgruppa og er lagt inn i vedlagte forslag til nytt delegasjonsreglement. Rådmannen ser på endringane som kurrante korrigeringar.

Det er òg lagt inn forslag om å stryke ordet vesentleg i punktet for § 45 nr 2:

”Vedta årsbudsjett og vesentlege endringar i dette.”

I arbeidsgruppa var det i tillegg eitt punkt med dissens, der to representantar ville ta vekk rådmannen sin mynde til oppretting / tilsetjing / oppseiing og fastsetting av løns og arbeidsvilkår for assisterande rådmann og sektorleiarane i Oppvekst og Helse/sosial. Dette inneber endring av pkt 3.1.7 samt pkt 6.4 og 6.6. To representantar gikk i mot slik endring. Dissensen er årsak til at forslaget ikkje er lagt inn i vedlagte utkast til nytt reglement.

Ut over ovannemnde endringsforslag, er det berre gjort språklege endringar.

Forhold til overordna plan:

Reglement for Ål kommune har delegasjonsreglementet som eit underkapittel. Delegasjonsreglementet heng saman med prinsipp for politisk styring, personalpolitiske retningslinjer, alle øvrige reglement i kommunen og ikkje minst kommunen sin leiarfilosofi

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Ingen konsekvensar, om revideringa ikkje inneber innføring av store byråkratiske endringar med meir tungvinn og arbeidskrevjande saksbehandling.

Vurdering:

Sjølv om dette no er ei innstilling frå ei politisk arbeidsgruppe, finn rådmannen det likevel rett å gjera kommunestyret merksam på dei konsekvensar administrasjonen ser, i ei sak som grip så direkte inn i rådmannen / administrasjonen sitt arbeid og mynde.

Ei slik revidering må sjåast opp mot kommunestyret sine intensjonar i det samla reglementet for Ål kommune. Kommunestyret har delegert ei rekke områder til sektorutvala, der sektorutvala evt. kan delegere vidare til administrasjonen.

Rådmannen vil ikkje rå kommunestyret til å gripe inn i sektorutvala sin mynde her, og legge generelle føringar for sektorutvala sitt arbeid. Det kom ikkje inn forslag i høyringa om endring av mynde til sektorutvala, ut over STNR sitt forslag om at sektorutvala berre skulle ha høve til å delegere ”positiv” vedtaksmynde. Tilsvarende forslag ligg ikkje i arbeidsgruppa sitt forslag. Rådmann ser det vanskeleg å ha mynde i alle saker der rådmannen vil fatte positive vedtak, men inndra delegasjon til å gi avslag på søknadar, slik ei av høyringane har forslag om. For enkelte saksfelt vil det kanskje vere like aktuelt at administrasjonen berre skal ha høve til avslag.

I endringsforslaget er det under kommunestyret forslag om å fjerne ”vesentlege” når det gjeld mynde til endringar av budsjettet. Dette er i realiteten ei inndraging av mynde til sektorutvala.

I mange år har administrasjonen hatt mynde til å fastsette og endre detaljbeløp innafor eit tenesteområde og sektorutvalet mynde til å foreta mindre justeringar mellom tenesteområder innafor sin sektor, når dette ikkje endrar tenestenivået kommunestyret har fastlagt for sektoren. Rådmannen vil difor tilrå at ordet ”vesentlege” under endringar i årsbudsjettet blir ståande. Det vil virke tungrodd om mindre vesentlege justeringar i sektorutvalet må godkjennast av kommunestyret, og samstundes redusere sektorutvalet sin posisjon og mynde.

Forslaget (dissens) om inndraging av rådmannen sin mynde til å opprette / nedlegge / tilsette og å fastsette løns og arbeidsvilkår for ass. rådmann og sektorleiarar, står i sterk motstrid til det som ligg i kommunelova sin omtale av områder og mynde som ligg til administrasjonssjefen (rådmannen). Kommunelova legg fokus på det heilskapeleg leiaransvar for saksførebuing og administrasjon, på same måte som den kontrollerande funksjon med forvaltning og økonomi er lagt til administrasjonssjefen. Rådmannen sine verkty som leiar av forvaltninga og den ansvarleg for å levere resultat som kommunestyret har bedt om, ligg sjølv sagt i fullt mynde til å velje ut sine næraste medarbeidarar og viktigaste samspelpartar for å nå måla, like eins som at vanlege vilkår som løns- og arbeidsvilkår er ein heilt essensiell reiskap i rådmannen sin utøving av leiarskap.

Om kommunestyret skal gå ut og rekruttere ny rådmann med signal frå det politiske miljø om å redusere rådmannen sitt ansvar og mynde i høve til næraste medarbeidarar, samstundes som nokon vil forsterke ansvaret gjennom åremål og strengare krav til resultat / måloppnåing, kan virke sær sars uheldig.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert 22.10.2007 med følgjande endringar / tillegg:

- 1.
- 2.

Rådmannen i Ål, 23.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 05.03.2007, saksnr. 37/07

Handsaming:

Etter ei kort drøfting vart det gjort klart at formannskapet ynskjer ei open høyring med utgangspunkt i dagens delegasjonsreglement. Reglementet sendast til sektorutvala for høyring.

Vedtak:

Formannskapet ynskjer ei open høyring med utgangspunkt i dagens delegasjonsreglement. Reglementet sendast til sektorutvala for høyring.

Sektorutval for oppvekst handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 12/07

Handsaming:

SUO meiner at delegasjonsreglementet må skrivast heilt om med utgangspunkt i dagens organisering. SUO drøfta spesielt punkt 6.1, 6.6 og 6.7 med tanke på å endre desse i retning av sterkare politisk styring. SUO vil ha framlegg til revidert delegasjonsreglement med organisasjonskart til handsaming på alle politiske nivå, frå sektorutval til kommunestyre. Samrøystes.

Vedtak:

SUO meiner at delegasjonsreglementet må skrivast heilt om med utgangspunkt i dagens organisering. SUO drøfta spesielt punkt 6.1, 6.6 og 6.7 med tanke på å endre desse i retning av sterkare politisk styring. SUO vil ha framlegg til revidert delegasjonsreglement med organisasjonskart til handsaming på alle politiske nivå, frå sektorutval til kommunestyre.

Sektorutval for helse- og sosial handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 12/07

Handsaming:

Sektorutval for helse og sosial gir slik uttale til høyring vedr. delegasjonsreglementet:

Sektorutval for helse og sosial veljer å gi høyringsuttale til delegasjonsreglementet utelukkande ut frå sektorutvalet sitt ansvarsområde.

Det er ein føresetnad at formannskapet tek i vare dei justeringar av delegasjonsreglementet som organisasjonsendringar tilseier.

Sektorutval for helse og sosial ber administrasjonen innarbeide delegasjon innan miljøretta helsevern jf SHS-sak 5/07.

Utover dette meiner utvalet at dagens ordning fungerer godt for samarbeidet med helse- og sosialsektoren.

Vedtak:

Sektorutval for helse og sosial veljer å gi høyringsuttale til delegasjonsreglementet utelukkande ut frå sektorutvalet sitt ansvarsområde.

Det er ein føresetnad at formannskapet tek i vare dei justeringar av delegasjonsreglementet som organisasjonsendringar tilseier.

Sektorutval for helse og sosial ber administrasjonen innarbeide delegasjon innan miljøretta helsevern jf SHS-sak 5/07.

Utover dette meiner utvalet at dagens ordning fungerer godt for samarbeidet med helse- og sosialsektoren.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 34/07

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) til tillegg til punkt 6.1. "Delegasjon til rådmannen" vart vedteke med 6 (2 SP, H, FrP, Ap og 1 V) mot 1 røyst (V):

...med unntak av saker/søknadar som rådmannen ikkje vil imøtekoma. Desse sakene skal fram til politisk handsaming.

Mindretalet på 1 (V) røysta mot dette framlegget.

Følgjande framlegg frå Olav Lappegard (SP) nytt punkt 6.11 vart samrøystes vedteke: Mynde til å framforhandle utbyggingsavtale etter plan- og bygningslovas §64.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har følgjande innspel til revisjon av delegasjonsreglementet for Ål:

STNR ynskjer følgjande tillegg til punkt 6.1: Delegasjon til rådmannen:

...med unntak av saker/søknadar som rådmannen ikkje vil imøtekoma. Desse sakene skal fram til politisk handsaming.

STNR ynskjer følgjande nytt punkt 6.11:

Mynde til å framforhandle utbyggingsavtale etter plan- og bygningslovas § 64.

Formannskapet handsama saka den 31.10.2007, saksnr. 109/07

Handsaming:

Til pkt 1.1 § 45, nr 2 Vedta årsbudsjett og vesentlege endringar. Samrøystes tilrådd.

Dissens frå arb.gr om endring i pkt 3.1.7, pkt 6.4 og pkt 6.6 vart endringa tilrådd med 5 røyster, medan mindretalet (2V) røysta for å behalde noverande delegasjon.

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert 31.10.2007 med følgjande endringar / tillegg:

- 1.
- 2.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 71/07
Arkivsaksnr: 07/1652
Arkivkode: 242 &00

Sakshandsamar: Are Fosse

Saksnummer	Utval	Møtedato
105/07	Formannskapet	31.10.2007
71/07	Kommunestyret	15.11.2007

REVIDERTE RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFONDET

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

1. Forslag til reviderte retningslinjer for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål.
2. Eksisterande retningslinjer for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål.
3. Forslag til endring av næringsfondet – Ål Utvikling AS
4. Forslag til endring av næringsfondet – Hallingdal Etablerersenter

Dokument i saka:

Strategisk næringsplan for Ål kommune

Saksopplysningar:

Ål Utvikling og Hallingdal Etablerersenter har fått innspel frå næringslivet i Ål, om at retningslinene for bruk av næringsfondet i Ål er for rigide.

Både Ål Utvikling og Etablerarsenteret meiner det er ei uheldig avgrensing når dagens reglar krev kostnader på 8G før søknader kan handsamast. Når ein ser på kjenneteikn ved dei etableringar som skjer i dag, vil mange ikkje nå dette kravet. Mange velfunderte etableringar, spesielt blant kvinner, har ein bevisst forsiktig start der investeringskostnadane ligg under dei grensene som her er sett. Hallingdal Etablerersenter meiner det ikkje er behov for ei slik nedre avgrensing av oppstartkostnader, men at det bør stimulerast til å hjelpe fram gode og gjennomarbeida etableringar uavhengig oppstartkostnadar. Ål Utvikling på si side meiner grensa bør senkast til 4G.

Hallingdal Etablerarsenter meiner at dagens reglar kan lett føre til kunstig ”oppblåste” kostnadsoverslag, som dei som rådgjevarar for etablerarane ikkje kan gå god for. Ei endring av kostnadsgrensa, eventuelt innføring av eit etableringstilskot, vil truleg føre til meir realistiske og korrekte kostnadsoverslag. Det vil alle partar vera tent med

Forhold til overordna plan:

Føremålet med næringsfondet er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemdar i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde. Oppfølging og gjennomføring av tiltak i Strategisk Næringsplan (SNP) skal difor prioriterast.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen merknad

Økonomiske konsekvensar:

Revisjon av retningslinene skal ikkje påverka den totale summen som er sett av til næringstilskot.

Vurdering:

Kva er endra:

1. pkt 2.4 Etableringstilskot er tatt inn i retningslinene. Dette skal vera ein etableringsstønad for nyetablerarar der prosjektet ikkje overstig 6(8) G.. Summen er sett til kr. 150.000 i året. Administrasjonen kan handsama desse søknadane delegert.
2. Pkt. 4 c – grensa på 8 G er endra til 6 G.
3. Summane i Retningslinene endrast automatisk i budsjettåret då det er ein liten auke på avkastninga som vert sett av til næringsfondet kvart år og det same gjeld Folketrygdas 1 G.
4. Nyetablerarar bør søke rettleiing hjå Hallingdal Etablerarsenter og det bør følgje ein påteikning frå etablerarsenteret på alle søknader om etableringstilskot.

Det er ikkje mogleg å lage retningsliner som tek høgde for alle situasjonar og føresetnader som bedriftene har. Målet er å ha retningsliner som gjer det mogleg å prioritera mellom søknadar slik at ressursane blir brukt på ein måte som skapar størst mogleg lokal verdiskaping, og at dei er forutsigbare for søkjarane.

Sakshandsamar meiner det kan vere rom for å setje av ein liten del av næringsfondet som etableringstilskot til nyetablerarar. Summen som setjast av kan vere noko liknande det som settast av i landbrukstilskot, og bør kunne handsamast med delegert mynde.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte Retningsliner for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål.

Utviklingsavdelinga, 23.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Are Fosse

Formannskapet handsama saka den 31.10.2007, saksnr. 105/07

Handsaming:

Framlegg frå Harald Varlid(Ap) om å utsetje saka til etter gjennomgangen av retningslinene i januar/februar fekk tre røyster og fall.

Harald Varlid fremma følgjande forslag til nytt pkt 2:

Ål kommunestyre ber administrasjonen foreta ei evaluering av dei siste 4 års tildelingar og ein fullstendig gjennomgang for bruken av næringsfondsmidlane. Sak skal leggest fram for kommunestyret innan februararmøtet.

Omforeint tilråding : Stryke stipendet i pkt 2.4 og legge inn inntil 150.000 kr under etableringstilskot.

Formannskapet si innstilling:

1. Ål kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte Retningslinjer for bruk og utbetaling av Næringsfondet (Kraftfondet) i Ål, med følgjande endringar:
 - pkt 2.4 stryke ordet: *stipendet*
 - pkt 2.4 sette inn : *inntil* 150.000 kr
2. Ål kommunestyre ber administrasjonen foreta ei evaluering av dei siste 4 års tildelingar og ein fullstendig gjennomgang for bruken av næringsfondsmidlane. Sak skal leggest fram for kommunestyret innan februararmøtet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 72/07

Arkivsaksnr: 07/1646

Arkivkode: 614 &46

Sakshandsamar: Kjell Kløve

Saksnummer	Utval	Møtedato
101/07	Formannskapet	31.10.2007
72/07	Kommunestyret	15.11.2007

KOMMUNALE BYGNINGAR - VEDLIKEHALDSPLAN OG INVESTERINGSBEHOV.

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Vedlegg 1 – Systemoversikt.

Vedlegg 2 - Kart.

Vedlegg 3 - Bilder.

Vedlegg 4 - Vedlikehaldsregistrering.

Vedlegg 5 - Oversikt over større vedlikehaldsprosjekt 2008.

Dokument i saka:

Samme som vedlegg

Saksopplysningar:

I løpet av siste året har drift- og vedlikehaldsavdelinga fått utarbeidd ein vedlikehaldsplan for alle kommunale bygningar. Alle bygningar er gjennomgått og status og vedlikehaldsbehov er registrert så langt det let seg gjera. Dvs at alt utvendig behov er registrert, men på bustadene står det att nokre bygg innvendig ettersom dette vert teke i samband med skifte av leigetakar eller når leigetakar sjølv melder inn behov.

I planen er det lagt inn kart som viser plasseringa av bygningen (vedlegg 2), bilete av bygningen eller husværet både utvendig og innvendig og av spesielle feil/manglar (Vedlegg 3) samt skjema for registrering av status og behov utvendig og utvendig (Vedlegg 4).

Vedlikehaldsbehova vert gradert frå 1 til 5 slik at 1 er strakstiltak og dermed høgt prioritert medan 5 er meir langsiktige behov som ikkje krev snarlege tiltak.

Planen må seiast å vera ein dynamisk EDB-basert plan som vil vera i kontinuerleg endring ettersom alle oppsette behov vert korrigert nærast sagt dagleg etter kvart som tiltaka vert utført samt korrigert med nye oppdaga eller innmeldte behov frå brukarane.

Dette er difor meir eit arbeidsverktøy enn plan i den forstand ein vanlegvis forstår det.

Innhaldet vil vera svært omfattande og i så jamnleg endring at det har liten verdi å kopiere opp alle kart, bilete og skjemaer som ei papirplan for godkjenning.

Vi har i staden, i Vedlegg 1, vist systemplasseringa på datanettet og i vedlegga 2, 3 og 4 vist eksempler på kva planen inneheld for ein bygning.

Vedlikehaldsplanen vil vera kommunens grunnlag for det framtidige bygningsvedlikehaldet. Ved å plukke ut tiltak som pr. dato er gradert som høgprioritert, vil vi kunna presentere behov som vert ansett som større vedlikehaldstiltak og som dermed vil gå inn som eit investeringsbehov som kan behandlast i samband med økonomiplanen.

I vedlegg 5 er det utarbeidd ei slik liste for større vedlikehald i 2008. Planen inneheld fleire høgt prioriterte tiltak enn desse, men vi har sette på dei som dei viktigaste som må finansierast gjennom investeringsmidler samt at ein del høyprioriterte tiltak vert ansett som mindre, løpande vedlikehald som vert dekkja gjennom det ordinære driftsbudsjettet.

Oppsettet for 2008 viser eit behov for investeringsmidler på ca 2,6 mill. kr.

Forhold til overordna plan:

Plan og finansieringsbehov må vurderast i samband med økonomiplan og budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Bygningsvedlikehald har betydning for inneklima og miljø for leigetakarar og brukarar.

Økonomiske konsekvensar:

Vedlikehaldstiltak er avhengig av budsjettmidler. Behov for investeringsmidler til større vedlikehald er 2,6 mill.kr. i 2008.

Vurdering:

Vedlikehaldsplanen som er utarbeidd har krevd stor arbeidsinnsats i drift- og vedlikehaldsavdelinga.

Vi reknar likevel med at vi har fått eit nyttig arbeidsverktøy som set oss i stand til å drive eit meir systematisk og framtidsretta vedlikehald og dermed få att for denne ressursbruken over tid.

Planen vil i tillegg gi eit mykje betre grunnlag for ei fornuftig økonomisk planlegging som vil munne ut i den politiske behandlinga av økonomiplan og budsjett.

Vedlikehaldsbehovet for dei kommunale bygningane er stort, ikkje minst pga at mange av bygningane er gamle. Kommunen har bygningar med til saman ca 46.000 m² golvflate, noko som sjølvst har sin pris i vedlikehald.

Det er av avgjerande betydning at det ved bygging av nye arealar vert teke økonomisk høgde for driftskonsekvenser også i form av eit normalt bygningsvedlikehald.

Som eit resultat av arbeidet med vedlikehaldsplanen er kunnskap om kva for bustader som er rekningsvaranda for kommunen å ha. Konklusjonen av dette er at tre bustader peikar seg ut som objekt det er ynskjeleg å kvitte seg med:

”Tømmerbustaden” i Ylivegen har vore i dårleg forfatning lenge. I tillegg fekk den ein omfattande vannskade for ca 2 år sidan og huset er etterpå ikkje renovert. Etter vårt skjønn er det ikkje tenleg for kommunen og ruste oppatt bygningen. Forsikringsselskapet har gjeve opp eit erstatningsbeløp på kr. 365.000 som vi kan få utbetalt dersom huset ikkje vert renovert.

Rådmannen vil anbefale at vi tek imot erstatninga og lyser huset ut for riving.

”Maskinistbustaden” i Ylivegen har ikkje vore utleigd på mange, mange år. For å få den brukbar som utleigeobjekt måtte vi gjennomført ei omfattande renovering som ikkje ville tent seg innatt i form av

husleigeinntekter, ettersom vi erfaringsvis ser at området i Ylivegen ikkje er attraktivt utleigemessig. Rådmannen anbefaler at bygningen blir lyst ut for sal. Eventuelt kan bygningen rivast og tomta sjåast i samanheng med tomta rundt tømmerbustaden og gi eit potensielt areal for sal til industri/næring.

Nedre Thoreplassvg. 1 vart for nokre år sidan kjøpt inn av kommunen til flyktningebustad.

Det har vist seg at det er vanskeleg å få flyktningar til å bu der, m.a. pga standarden på huset og avstanden til sentrum. Bustaden er sporadisk brukt som sosialbustad. Huset har eigen tomt som p.g.a. lite bruk og klientellet ikkje har vorte halde i hevd. Tomta ligg midt i eit bustadfelt og verkar difor skjemma. Også her måtte vi hatt ei omfattande opprusting for å få det attraktivt for utleige, og rådmannen anbefaler difor at dette vert utlyst for sal.

Øvrige bustader og bygningar har pr. i dag normal attraktivitet og fungerer bra dersom vi kan gjennomføre eit tilfredsstillande vedlikehald i framtida.

Rådmannen si innstilling:

1. Kommunestyret tek til etterretning at det er utarbeidd ei vedlikehaldsplan som grunnlag og arbeidsredskap for framtidig vedlikehald av kommunale bygningar.
2. Planen vil også vera eit grunnlag for politiske prioriteringar i samband med økonomiplan og budsjett i framtida, og framlagt behov for investeringsmidler til større vedlikehald for 2008 på kr. 2.600.000 vert vurdert opp mot andre investeringsbehov i økonomiplanen for 2008-2011.
3. Kommunestyret vedtek vidare at "Tømmerbustaden" og "Maskinistbustaden" i Ylivegen kan rivast. Tomteareala kan vurderast for sal til industri-/næringsføremål. Rådmann får fullmakt til å setje dette i verk på den økonomisk mest fordelaktige måten.
4. Rådmannen får og fullmakt til å selje Nedre Thoreplassvg. 1 som bebygd bustadtomt. Inntekter frå salet vert attendeført til utbyggingsfondet. Dette gjeld og inntekter frå ev. industritomtesal under pkt. 3.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 23.10.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Formannskapet handsama saka den 31.10.2007, saksnr. 101/07

Handsaming:

Torleif Dalseide fremma følgjande tilleggsforslag:

5. Kommunestyret ber administrasjonen ta kulturhuset inn i planen og lage ein oversikt over dei forskjellige typer bygg / eigedomar som kommunen eig og ein oversikt over inntektsgrunnlaget for desse.

Rådmannen si innstilling med tilleggsforslaget vart samrøystes tilrådd.

Formannskapet si innstilling:

1. Kommunestyret tek til etterretning at det er utarbeidd ei vedlikehaldsplan som grunnlag og arbeidsreiskap for framtidig vedlikehald av kommunale bygningar.
2. Planen vil også vera eit grunnlag for politiske prioriteringar i samband med økonomiplan og budsjett i framtida, og framlagt behov for investeringsmidler til større vedlikehald for 2008 på kr. 2.600.000 vert vurdert opp mot andre investeringsbehov i økonomiplanen for 2008-2011.
3. Kommunestyret vedtek vidare at "Tømmerbustaden" og "Maskinistbustaden" i Ylivegen kan rivast. Tomteareala kan vurderast for sal til industri-/næringsføremål. Rådmann får fullmakt til å setje dette i verk på den økonomisk mest fordelaktige måten.
4. Rådmannen får og fullmakt til å selje Nedre Thoreplassvg. 1 som bebygd bustadtomt. Inntekter frå salet vert attendeført til utbyggingsfondet. Dette gjeld og inntekter frå ev. industritomtesal under pkt. 3.
5. Kommunestyret ber administrasjonen ta kulturhuset inn i planen og lage ein oversikt over dei forskjellige typer bygg / eigedomar som kommunen eig og ein oversikt over inntektsgrunnlaget for desse.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 73/07

Arkivsaksnr: 07/758

Arkivkode: G10 &13

Sakshandsamar: Øystein Lappegard

Saksnummer	Utval	Møtedato
23/07	Sektorutval for helse- og sosial	25.09.2007
73/07	Kommunestyret	15.11.2007

LOKALE TILTAK I DET TOBAKKSFØREBYGGANDE ARBEIDET

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Framlegg til Lokale tiltak i det tobakksførebyggande arbeidet i Ål

Dokument i saka:

Strategi for det tobakksførebyggande arbeidet i Hallingdal

Nasjonale strategi for det tobakksførebyggande arbeidet 2006-10

To høyringsuttaler

Saksopplysningar:

Helse- og omsorgsdepartementet sende i fjor ut Nasjonal strategi for det tobakksførebyggande arbeidet 2006-10 og bad kommunane gripe fatt i dette. Kommunelegeforum i Hallingdal sette ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein felles strategi for Hallingdalskommunane på grunnlag av det nasjonale dokumentet. Vedteken lokal strategi for Hallingdal vart så sendt til kommunane med spørsmål om å iverksetje lokale tiltak.

Kommuneoverlegen har med utgangspunkt i strategiplanen for Hallingdal utarbeidd framlegg til tiltak. Desse har vore sendt ut på høyring til alle sektorleiarar, avdelingsleiarar og tillitsvalde i kommunen. Det er berre kome to høyringsuttaler. Ei uttale som meiner at alle kommunale arbeidsplassar skal vera snusfrie og ei uttale som går på brukarane i helse- og sosial.

Engasjementet i saka har vore større i Hol kommune og kommuneoverlegen har tillate seg å bruke noko av den diskusjonen som har vore i Hol, inn i aktuelle saka.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Saka omhandlar helseomsyn

Økonomiske konsekvensar:

Det ligg ingen store økonomiske konsekvensar i dei tiltaka som er foreslått. Eventuelle mindre utgifter må innarbeidast i dei enkelte avdelingar sine budsjett.

Vurdering:

Den tilgrunnleggjande målsetjinga er å få færre røykarar og unngå passiv røyking. Samstundes skal ein ha respekt for det enkelte mennesket sine livsstilsval.

Rådmannen meiner at tiltaka fyrst og fremst har verdi som signalberarar: Det er slik vi ynskjer å ha det i Ål kommune, dette er denne haldninga vi har til røyk og snus. Kommunen kjem ikkje til å bruke særskilde ressursar på ei firkanta handheving av desse tiltaka. Avdelingsleiarane får ansvaret for å bruke tiltaka i eit haldningsarbeid både innad og utad. Over tid vil tiltaka medverke til å nå den tilgrunnleggjande målsetjinga.

Det ligg i tida at folk godtek tiltak som set restriksjonar for røyking. Berre 5-10 år sidan ville mange av desse forslaga ha skapt uro. No synest det å vera stor oppslutnad og einigheit om at det både er naudsynt og ynskjeleg med tiltak.

Hjelpeverba er viktig i denne saka. Der ein skriv ”skal”, må ein vite at ein verkeleg meiner skal og at ein har juridisk grunnlag for dette. Dersom dette ikkje er tilfelle, er det ”bør” som er rette verbet.

Kor langt kommunen vil gå med sine tiltak, er i større grad eit politisk spørsmål enn eit fagleg. Rådmannen har derfor på tre punkt sett opp alternativ som det vert opp til politikarane å velje. Dette gjeld:

Punkt A.5 og D.2 Dei fleste synest det er greitt at kommunen kan bestemme at vaksne rollemodellar i skule, barnehage, skulefritidsordning og kommunale ungdomsklubbar ikkje skal bruke tobakk og snus i arbeidstida i samvær barn og unge. Men det er meir usemje om kommunen bør oppmode om det same i rollemodellane si fritid.

Punkt D.4 Nokre meiner at ein ikkje bør ha nokon bestemmelse om at skular og barnehagar skal vera snusfrie, så lenge dei som arbeider der ikkje brukar snus i samvær med barn og unge. Andre meiner at det er sjølvstakt at barnehagar og skular skal vera frie for snus. Og andre igjen meiner at ein slik bestemmelse bør gjelde alle kommunale bygg med nærområde, ikkje minst av omsyn til reinhaldspersonalet.

Punkt C.2 omhandlar arbeidsklede. Det er vanskeleg å setje opp reglar som skal dekke alle ulike arbeidssituasjonar. Nokre har arbeidsklede og andre ikkje. Her må kvar enkelt avdeling finne ordningar som er praktiske og som ivaretek hovudformålet, at dei som får sine tenester frå kommunalt tilsette ikkje skal påførast ulempe.

I omsorgstenestene har ein ofte vanskelege arbeidssituasjonar der røykande brukarar er til helsemessig plage eller ulempe for dei tilsette. Sosial- og helsedirektoratet understrekar at kvart enkelt menneske har full råderett til å røyke i eigen heim og at eit langtidsrom på ein helseinstitusjon også er å rekne som eigen heim. Omsynet til dei tilsette må derfor vike. Likevel kan ein på smidige måtar prøve å få til eit samarbeid for å lette situasjonen for særleg plaga personell. Dette er bakgrunnen for punkt C.4.

Både i høve til kommunale arbeidsplassar og offentlege bygg, må kommunen ta ein betydeleg jobb med bestemme og merke høvelege røykeplassar. Dette må gjerast i samarbeid med dei tilsette. Det er

ei utfordring å finne plassar som både er lett tilgjengelege, ikkje ligg ved hovudinngangar og som ikkje er til sjenanse for andre. Skule- og barnehageområde skal ikkje ha røykeplassar, aktuelt område må avklarast på kvar arbeidsplass.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek Lokale tiltak i det tobakkskadeførebyggande arbeidet med fylgjande presiseringar:
 - punkt A.5 skal vera som punkt ...
 - punkt D.2 skal vera som punkt ...
 - punkt D.4 skal vera som punkt ...
2. Ål kommunestyre ber om at rådmannen evaluerer tiltaka etter ein toårs periode.

Helse- og sosialsektoren, 17.08.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Karsten Dideriksen
Helse- og sosialsjef

Sektorutval for helse- og sosial handsama saka den 25.09.2007, saksnr. 23/07

Handsaming:

Høyringsuttalene må inn i saksmappa.

Punkt A 7 stryk "andre idrettsanleg" i første setning.

Ny setning: På andre oppvekstarenaer oppmodast det om å vera røykeforbod.

B2: Ål kommune skal dekke kursavgifta for tilsette som har gjennomført røykesluttkurs.

Nytt punkt:

D6: Butikkar i Ål skal ikkje selje snus og skrå til personar under 18 år.

SHS ber ordførar om å oppmoda butikkane om å setje i verk tiltak for betre å etterkoma gjeldande reglar.

Sektorutvalet si innstilling:

Samrøystes tilråding som innstilling med følgjande endring:

1. Ål kommunestyre vedtek Lokale tiltak i det tobakkskadeførebyggande arbeidet med følgjande presiseringar:
 - punkt A.5 skal vera som punkt A 5b
 - punkt A 7 offentlege oppvekstarenaer (Idrettshallen, kommunale leikeplassar m.m. skal vera røykfrie.
 - Andre oppvekstarenaer oppmodast om å innføre røykeforbod.
 - punkt B 2 Ål kommune skal dekke kursavgifta for tilsette som har gjennomført røykesluttkurs.
 - punkt D.2 skal vera som punkt D 2b

- punkt D.4 skal vera som punkt D 4c
- Nytt punkt D 6 skal vera. Tiltak: Butikkane i Ål skal ikkje selje snus og skrå til personar under 18 år.

Ansvar: SHS ber ordførar om å oppmode butikkane om å setje i verk tiltak for betre å etterkoma gjeldande reglar.

2. Ål kommunestyre ber om at rådmannen evaluerer tiltaka etter ein toårs periode.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 74/07
Arkivsaksnr: 07/1488
Arkivkode: 210

Sakshandsamar: Torleif T Dalseide

Saksnummer	Utval	Møtedato
74/07	Kommunestyret	15.11.2007

SLUTTRAPPORT PERIODEN 2003 - 2007 - KONTROLLUTVALET I ÅL

Saka vert avgjort av:
Ål kommunestyre

Vedlegg:
Brev frå Sekretariatet for kontrollutaval, datert 18.09.07
Sluttrapport for kontrollutvalet i Ål kommune 2003 – 2007 m/vedlegg

Dokument i saka:
Ingen

Saksopplysningar:
Sjå vedlegg

Forhold til overordna plan:
Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Ingen

Vurdering:
Ingen

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre ber påtroppande kontrollutval om at ”Sluttrapporten frå kontrollutvalet i Ål 2003 til 2007”, er med og gjer grunnlag for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen i perioden 2007 – 2001.

Ordføraren i Ål, 25.09.2007

Torleif T. Dalseide
Ordførar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 75/07

Arkivsaksnr: 07/1521

Arkivkode: 412 M1

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
85/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	30.10.2007
75/07	Kommunestyret	15.11.2007

FELLESPROSJEKT FOR HALLINGDAL - VATN - AVLØP

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Rapport frå arbeidsgruppe nedsett av rådmannsutvalet i Hallingdal datert 16.04.2007

Dokument i saka:

1. Notat frå VA-ansvarlege i Hallingdal datert 19.09.2006
2. Vedtak i rådmannsutvalet i møte 15.12.2006
3. Rapport frå arbeidsgruppe nedsett av rådmannsutvalet i Hallingdal datert 16.04.2007

Saksopplysningar:

Spørsmålet om samhandling kring VA.drift i kommunane i Hallingdal har vore drøfta i fleire år. Målsettinga med eit framtidig samarbeid er primært med tanke på effektivisering, kvalitetsheving og fagleg utvikling.

Hovudoppgåver i prosjektet.

Hovudoppgåvene i prosjektet vil vera

- Samanstilling av status og utfordringar for VA-sektoren i Hallingdalskommunane
- Utvikling av nettverksamarbeid i regionen mot eksterne fagmiljø
- Fremje naturlege framtidige og framtidretta samarbeidstiltak og fellesprosjekt for kommunane
- Sikre kommunane nødvendig kompetanse innan fagområdet VA

Saka har vore drøfta med fagpersonar innan VA området i regionen, seinast i 2 møte i rådmannsutvalet hausten / vinteren 2006/2007. Etter at rådmannsutvalet vart presentert ei skisse til framtidig prosjekt / samarbeid vart det i møte 15.12.2006, sak 50/06, fatta slikt vedtak:

1. Rådmannsutvalet er positive til tiltaket
2. Rådmannsutvalet stiller seg opne til lokalisering av prosjektet
3. Forprosjekt 1.halvår 2007. Konklusjon skal trekkjast innan 1.mai 2007

4. Utvalet ser at og Krødsherad kan delta i prosjektet
5. Utvalet ber om at det samstundes vert uarbeidd krav til innhald i stillinga.

Krødsherad kommune vart forespurd om å delta i prosjektet, men takka nei.

Det vart våren 2007 sett ned ei arbeidsgruppe som fekk til oppgåve å sjå nærare på mandatet, herunder utarbeiding av skisse til forprosjekt. Det vert vist til vedlagte rapport.

Organisering.

Prosjektet vil bli styrt av ei faggruppe med representantar frå administrasjonen hos seks deltakande kommunar.

Stillinga som vert oppretta vert plassert i ein av kommunane med tilknytning til VA- miljøet. Det må her takast omsyn til stillingsinnhavar sitt ynskje om plassering.

Arbeidsgjevaransvaret blir lagt til den aktuelle kommunen.

Oppgåver for felles VA-koordinator inkl. innhald i stillinga.

Følgjende tema vil danne grunnlag for stillinga:

- Samanstille status og utfordringar innan Va i åra framover
- Vurdere funksjonsfordeling / spesialisering på dei enkelte fagfelta innan VA
- Samordne kompetanse og opplæring, samt formidle kunnskap innan fagfeltet
- Organisering av nettverksarbeid innan regionen
- Koordinere nettverk med omsyn til interesseorganisasjonar og fagmiljø
- Vurdere innkjøpsordningar i samråd med regional innkjøpskoordinator
- Vurdere arbeidet med resipientundersøkingar i tilknytning til VA området
- Utarbeide sjølkostberekningar for VA-sektoren
- Førebu saksframlegg for kommunane
- Samla idear og førebu aktuelle søknader om prosjektmidlar

Varigheit for prosjektet

Prosjektperioden er rekna til 3 år frå 1.januar 2008. Evaluering av prosjektet vil avklare vidare samarbeidsløysingar innan VA for Hallingdalsregionen

Krav til kvalifikasjonar i stillinga.

Krav til kvalifikasjonar i stillinga går fram av vedlagte rapport frå arbeidsgruppa

Forhold til overordna plan:

Arbeidet må vurderast opp mot innhaldet i kommuneplanar og handlingsprogram/ økonomiplan vedtekne i den enkelte kommune.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Eit utvida samarbeid vil, slik ein vurderar det, bidra til eit betre fagmiljø i regionen. Det vil kunne gjera det lettare å rekruttere fagpersonar til stillingar i framtida. Kommunane slit i dag med rekruttering av fagperonar innan VA- området.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnader i samband med oppretting av stillinga som koordinator blir fordelt mellom kommunane ut frå nærare fastsett fordelingsnøkkel.

Prosjektgruppa har sett årskostnaden ved oppretting av stillinga til **kr 800 000**. Det er ein føresetnad at vertskommunen dekkjer utgifter til husleige.

Ut frå gjeldande fordeling som vert nytta i Hallingdal vert utgiftene fordelt slik:

Kommune	Innbyggjarar	Kostnad
Flå	989	67748
Nes	3456	136962
Gol	4435	164428
Hemsedal	1963	95074
Ål	4642	170237
Hol	4475	165551
SUM	19960	800000

Finansiering.

Prosjektet kan finansierast i den enkelte kommune over gebyrsystemet etter sjølkostprinsippet. Til fråtrekk kjem eventuelle tilskot eller prosjektmidlar som det kan søkjast om.

Vurdering:Framdrift / tidsplan

Prosjektet er tenkt starta opp snarast etter 1.januar 2008. Kostnadane for den enkelte kommuna må leggast inn i dei kommunale gebyrregulativa / budsjett frå og med 2008.

Dersom det ikkje let seg gjera å få søkjar til stillinga gjennom vanleg utlysing, vil prosjektgruppa anbefale at kommunane vurderar innleige av eksterne konsulent til oppgåva, men med ein tilsvarande kostnad som ved tilsetting av prosjektmedarbeidar.

Rådmannen syner elles til kommentarar under saksopplysningar og til rapport frå styringsgruppa for VA-prosjektet.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommune stiller seg positiv til igangsetting av Forprosjekt Vatn og Avløp i Hallingdal frå 1.januar 2008 og for ein periode på 3 år.
2. Kostnader med prosjektet, årleg kr 800 000, vert fordelt mellom kommunane slik:

Kommune	Innbyggjarar	Kostnad
Flå	989	67748
Nes	3456	136962
Gol	4435	164428
Hemsedal	1963	95074
Ål	4642	170237
Hol	4475	165551
SUM	19960	800000

3. Kommunen sine årlege kostnader, stor kr 170.237, vert innarbeid i det kommunale gebyrregulativet / budsjett frå og med 2008.
4. Kommunestyret ber om at det årleg vert levert rapport frå prosjektet til den enkelte kommune.
5. Evaluering av det 3-årige prosjektet skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyra i juni 2010.

Rådmannen i Ål, 01.10.2007

Trond Kleppen
rådmann

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 30.10.2007, saksnr. 85/07

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke, men ordet Forprosjekt vart bytta ut med prosjekt.

Sektorutvalet si innstilling:

1. Ål kommune stiller seg positiv til igangsetting av Prosjekt Vatn og Avløp i Hallingdal frå 1.januar 2008 og for ein periode på 3 år.
2. Kostnader med prosjektet, årleg kr 800 000, vert fordelt mellom kommunane slik:

3. Kommune	4. Innbyggjarar	5. Kostnad
6. Flå	7. 989	8. 67748
9. Nes	10. 3456	11. 136962
12. Gol	13. 4435	14. 164428
15. Hemsedal	16. 1963	17. 95074
18. Ål	19. 4642	20. 170237
21. Hol	22. 4475	23. 165551
24. SUM	25. 19960	26. 800000

3. Kommunen sine årlege kostnader, stor kr 170.237, vert innarbeid i det kommunale gebyrregulativet / budsjett frå og med 2008.
4. Kommunestyret ber om at det årleg vert levert rapport frå prosjektet til den enkelte kommune.
5. Evaluering av det 3-årige prosjektet skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyra i juni 2010.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 76/07

Arkivsaksnr: 05/1556

Arkivkode: PLID Plan nr 174

Sakshandsamar: Jan-Petter Vad

Saksnummer	Utval	Møtedato
137/05	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	25.09.2007
78/06	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	22.08.2006
72/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	25.09.2007
76/07	Kommunestyret	15.11.2007

EIGENGODKJENNING - REGULERINGSPLAN FOR BREABLIKK

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret.

Vedlegg:

Framlegg til reguleringsplan med føresegner.

Meklingsprotokoll frå møtet 10.05.2007.

Dokument i saka:

Saksdokument i høve §30 handsaming og 1.gongs handsaming.

Meklingsprotokoll frå møtet 10.05.2007.

Saksopplysningar:

Framlegg til reguleringsplan for Breablikk har vore oppe til 1.gongs handsaming, og ligge ute til offentleg ettersyn i perioden 31.08.06 – 01.10.06. Det kom 4 merknadar til planframlegget:

- NVE, brev av 27.09.06
 - Ingen innspel eller merknadar
- Statens vegvesen, brev av 29.09.06
 - Meinar det er uheldig at fylkesvegen vert innebygd på kvar side.
 - Har motsegn til planframlegget, der dei krev planskilt gang/sykkel/skikryssing av fylkesvegen, samt krav til utforminga av fellesavkøyrsla på vestsida av fylkesvegen.
- Buskerud fylkeskommune, brev av 31.08.06
 - Meinar at forslaget ikkje er i samsvar med prinsippa om ei framtidretta hytteutvikling og tilrår at kommunen held fast ved kommuneplanens føresegner og ikkje opne for utbygging i LNF-områda aust for vegen.
 - Ingen merknadar til området vest for riksvegen.

- Planområdet er ein del av eit heilheitleg kulturlandskap i Votndalen, med kulturspor etter førmaskinelt jordbruk. Frårådar derfor at området vert utbygd.

4. Buskerud fylkeskommune, Miljøvernavdelinga, brev av 05.10.06

- Planframlegget er ikkje i tråd med overordna planar. Og meiner at fylkesvegen dannar ei naturleg grense mellom alpin- og turistområda på vestsida av dalen og kulturlandskapet på austsida. Bygging av fritidsbustadar aust for fylkesvegen vil ha uheldige verknadar for landskapet og gje ei mindre trafikksikker løysing.
- Har motsegn til planframlegget.
- Landbruks- og næringsavdelinga meiner at det er viktig at etablering av fritidsbustadar vert gjort i samsvar med overordna plan.

Det vart halde meklingsmøte 10.05.07, der det vart kome til einigheit med Statens vegvesen. Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen opprettheld sin motsegn mot planen.

Forhold til overordna plan:

Planframlegget er ikkje i tråd med overordna plan, men STNR har gjeve dispensasjon frå desse planane i § 30 handsaminga av saka 20.12.05, saknr 0137/05.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ikkje vurdert i denne handsaminga.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert i denne handsaminga.

Vurdering:

Etter meklingsmøtet 10.05.07 vart det kome til einigheit med Statens vegvesen, medan Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen opprettheld sin motsegn.

Kommunen meiner at dette området er godt eigna til turistføremål og kan ikkje sjå nokon store konflikhtar om dette området omdisponerast til turistføremål. Bygga og vegen er godt plassert i terrenget, og vegetasjonen og det bratte terrenget i bakkant er med på å skjule og gjere bygga lågare.

Planen kan ikkje eigengodkjennast når det føreligg motsegn mot planen.

Kommunen kan ta motsegna til følge, og planframlegget vert handsama som eit innspel til rullering av arealdelen, eller kommunestyret kan vedta å sende saka vidare til Miljøverndepartementet for endeleg stadfesting. Utbyggjar ønskjer å få denne saka gjennom, og rådmannen meiner at saka bør sendast vidare til Miljøverndepartementet.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår etter § 27 i plan- og bygningsloven at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06 vert godkjent.

Innstilling:

I samsvar med § 27-2 i plan- og bygningsloven vedtek Ål kommunestyre at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06, vert godkjent.

Ål kommunestyre ber administrasjonen oversende reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, til Fylkesmannen som sender planen vidare til Miljøverndepartementet for endeleg stadfesting.

Utviklingsavdelinga, 12.09.2007

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Jan Petter Vad
Sakshandsamar

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 22.08.2006, saksnr. 78/06

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs går inn for at framlegg til reguleringsplan for Breablikk – Votndalen vert lagt ut til offentleg høyring med 5 vekers høyringsfrist.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 25.09.2007, saksnr. 72/07

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

Ål kommune påpeikar at det allereie finst fritidseigedomar på nordsida av fylkesvegen mindre enn 300 m frå planområdet.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår etter § 27 i plan- og bygningsloven at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06 vert godkjent.

Innstilling til kommunestyret:

I samsvar med § 27-2 i plan- og bygningsloven vedtek Ål kommunestyre at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06, vert godkjent.

Ål kommunestyre ber administrasjonen oversende reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, til Fylkesmannen som sender planen vidare til Miljøverndepartementet for endeleg stadfesting.

Ål kommune påpeikar at det allereie finst fritidseigedomar på nordsida av fylkesvegen mindre enn 300 m frå planområdet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 77/07
Arkivsaksnr: 07/1453
Arkivkode: 026

Sakshandsamar: Kari Hallingstad Medgard

Saksnummer	Utval	Møtedato
77/07	Kommunestyret	15.11.2007

FORVALTNINGSREVISJON AV REGIONRÅDET SI VERKSEMD

Saka vert avgjort av:
Ål kommunestyre

Vedlegg:

1. Oversendingsbrev frå Sekretariatet for kontrollutvala, datert 19.09.07
2. Særutskrift, sak 12/2007: Forvaltningsrevisjon: Regionrådet i Hallingdal, endeleg rapport
3. Rapport frå forvaltningsrevisjon IKS ”Politisk styring og kontroll med virksomheten i Regionrådet”.

Dokument i saka:
Ingen

Saksopplysningar:
Sjå vedlegg

Forhold til overordna plan:
Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Ingen

Vurdering:

Med grunnlag i at dette er ei sak som er utgreidd og med innstilling frå eit politisk organ, skal ikkje administrasjonen foreta utgreiing eller vurdering. Saka blir difor lagt fram med vedlagte utgreiing og nedanståande tilråding frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalget rår kommunestyret til:

1. Kommunestyret ber ordføreren om å leggje til rette for ein planmessig dialog mellom kommunestyret og ordførar om korleis deltakinga i Regionrådet skal forvaltast. Dialogen bør inkludere ei drøfting av kommunestyret sitt behov for informasjon og rapportering.
2. Kommunestyret i Ål ber Regionrådet om å vurdere korleis krava til rapport i henhold til viljeseerklæringa bør formast og kva tid den skal presenterast. Rapporten bør tydeleggjere strukturen og samanhengane i det regionale samarbeidet generelt.
3. Kommunestyret i Ål ber om at Regionrådet etablerer rutine for rapportering av prosjekt.
 - a. Rapporteringa bør innehalde informasjon om: Gjennomføring av prosjekter og tiltak i regi av Regionrådet heimla i planar og vedtak.
 - b. Det bør rapporterast i høve til: Målsetting, ansvar for gjennomføring og resultat i høve til målsetting og økonomi.
4. Kommunestyret i Ål ber om at Regionrådet vurderer: Regnskapsrapporteringa for det regionale IKT-samarbeidet. Det bør gå tydeleg fram kva aktivitetar og balansepostar som tilhøyrrer Regionrådet si eigen verksemd, og kva som tilhøyrrer verksemd i regi av Styringsgruppe IKT.
5. Vedtektsfesta informasjon og rapportering til kommunen frå Regionrådet bør gå via kommunen sitt offisielle postmottak.
6. Kommunestyret i Ål ber kontrollutvalet om å følgje opp resultatata av anbefalingane i pkt. 2 til 4

Administrasjon- og fellestenester, 26.09.2007

Trond Kleppen
rådmann

Kari Hallingstad Medgard

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 78/07
Arkivsaksnr: 07/1744
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Kirsten Sollien

Saksnummer	Utval	Møtedato
78/07	Kommunestyret	15.11.2007

MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 15.11.07

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

1. Brev frå Buskerud fylkeskommune 18.10.07:
Fylkestingets godkjenning av fylkestingsvalet 2007 – melding om vedtak i Fylkestings sak 41/07
2. Skriv frå KS oktober 2007 me heftet: "Kommunesektorens viktigste utviklingspartner"
3. Møteprotokoll frå formannskapet 24.09.07
4. Møteprotokoll frå formannskapet 31.10.07
5. Møteprotokoll frå sektorutval for oppvekst 30.10.07
6. Møteprotokoll frå sektorutval for helse- og sosial 25.09.07
7. Møteprotokoll frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs 25.09.07
8. Møteprotokoll frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs 30.10.07
9. Møteprotokoll frå regionrådet for Hallingdal 31.08.07

Rådmannen si innstilling:

Ingen innstilling.

Administrasjon- og fellestenester, 07.11.2007

Trond Kleppen
rådmann